



Knarvik Senterutvikling AS
c/o Olav Kåre Vatnøy Kvassnesvegen 48
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3527 - 19/7901

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

07.03.2019

Etterlyser årsrapport fettutskiljar - GBNNR 188/764 NG Meny Knarvik

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport fettutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport var **01.02.2019** (jf vilkår i gitte løyve).

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har Knarvik Senterutvikling AS hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på anlegg ved gbnr 188/764. Dokumentasjon skal vise at anlegg vert tømt iht gitte løyve og at anlegg stettar krav til utslepp.

For anlegg ved gbnr 188/764 skal årsrapport innehalde følgjande dokumentasjon:

- Årsrapport,
- driftsjournal,
- dokumentasjon på at det er utført 4 tømningar, 2 temperaturlogger og 1 analyseprøve av utsleppsvatn, samt
- drifts- og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen har kontroll over anlegg slik at ein unngår at fett vert ført ut på leidningsnett og til pumpestasjon og reinseanlegg.

Fett som vert ført ut på kommunalt nett og til pumpestasjon/reiseanlegg medfører store drifts- og vedlikehaldskonstnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må få dekk inn. Inndecka kan skje via auke i kommunale gebyr eller ved at kommunen sender faktura til ansvarlege for utsleppet. Fett som avleirast i leidningsnett kan òg medføre tilbakeslag av fett/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den einskilde huseigar må sjølv sørge for å få utbetra og dekke kostnaden ved slike hendingar.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til: Torsdag 28.03.2019.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglande rapportering ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn, er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikeholdsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved gbnr 188/764. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Meny Knarvik	Kvernhusmyrane 7A	5914	ISDALSTØ
--------------	----------------------	------	----------

Mottakarar:

Knarvik Senterutvikling AS	c/o Olav Kåre Vatnøy Kvassnesvegen 48	5914	ISDALSTØ
----------------------------	---	------	----------